## Søterot ein mangfaldig plante

11.08.2014



**Søterota som Audun Eik fann like innunder Fonna for nokre dagar sidan er ein mangfaldig plante, peikar han på. Den har vorte nytta innan medisinen ved lever- og gallesjukdomar, mot apetittlausheit og lav sekresjon av magesaft!**

**Rota vert og nytta som krydder i brennevin. Den er svært bitter og smaken sit lenge på tunga.**

Planten er mest utbredt i fjelltraktene i Mellom-Europa medan den er å finna frå Åseral tikl Trøndelag i Noreg. Den er kommuneblome for Bykle i Setesdalen, Han veks på gamal beitemark i fjellbjørkeskog og vierkratt.

I Sverige heiter planta baggsøta og ordet har den samme bakgrunn som norrbaggar, et nedsetjande ord for nordmenn.
Dermed er det grunn til å tru at
planta vart innført frå Noreg!

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen